# Julebrev 2024

LHL Stord



Jula 2024.

# Julebrev til LHL - Stord sine medlemmer på Stord -Sveio - Fitjar – Tysnes – Bømlo - Austevoll

Det er snart jul og enda et år er over, for LHL sine medlemmer har dette året vert omtrent som tidlegare,
når det gjelde tur og trimaktivitetane som vasstrim, trimturar for damer og herrar, blåtur til Ulvik
påske og haustlotteri, og lags- møter.

Her er noken fakta om aktiviteten i året som snart er over.

Etter årsmøte 27. februar 2024, er det disse som er i styret i LHL Stord.
Leider: Sverre T. Vinje
Kasserer: Tom Bjølgerud
Sekretær: Inger Marie Lothe
Studieveileder: Thore Medhus
HLR Leder: Kjell Vestrheim
Styremedlemmer: Tove Iren Garli, Bjarne Kristiansen

Varamedlemmer: Karl G. Spissøy. Anton Clausen, Nils B. Nesse og Magne Hallaråker.

Revisorer: Jørgen Nysæter
Sigmund Jørgensen

Reisekomite: Gunvor og Sverre Vinje, Elin Grethe og Sigmund Borkner, Inger Marie Lothe.

Aktivitet/Tiltakskomite: Karl G. Spissøy, Sigurd Hystad, Peder Aasheim.

Komite for håndarbeid/arbeidsstova og lotteri:
Økonomiansvar.: Tom Bjølgerud
Komite: Tove Iren Garli, Gerd Nilsen Skogseide, Hulda Spissøy og Sissel Salmo

Komite for mat-/kaffe til lagsmøtene:
Leder: Reidun Østerhus

Medl.:  Inger Skauge
Kaffeansv.:Anton Clausen

Valkomité: Angjerd Selsvold og Torbjørn Hauge

Representantar til Fylkesårsmøte: 2024 i Bergen, 14 -15 mars
var ,Tom  og Kirsten Astrid Bjølgerud frå LHL Stord
Varamenn:  Tove  Iren Garli

Representantar til lagssamlinga i LHL Vestland i Førde den 4 – 5 oktober, møtte Tom Bjølgerud frå LHL Stord + Tove Iren Garli frå Fylkesstyret

Utsendingar til LHLs' landsmøte til hausten 2024. Leder Sverre Vinje kunne ikkje reise. Fylkesårsmøte bestemte da kven som skulle reise. Derfor var det ingen representantar frå LHL Stord.

Signaturrett:
Sverre T. Vinje, Tom Bjølgerud og Inger Marie Lothe tildelast signaturrett Kvar for seg.

Dei som har hatt styreverv og verv i andre komitear  og  har vært turleiara på turar i skog og mark i  denne perioden har gjort ein flott jobb for laget, og til kvart medlemsmøte er det styre som setter opp bord, stolar og dekker borda.
Kjøkkentenesta blir utført av Reidun Østerhus og Inger Skauge på kvart møte , «Velsmakande smørbrød" serverer dei kvar gang. Dei ryddar og vaska opp på kjøkkenet etter møte. Ansvar og arbeid med kaffikokning har vært i år som tidigare år vore Anton Clausen tusen takk til dåke alle som gjere denne flotte jobben for laget..

Lagsmøta den siste tysdagen i kvar månad kl.1900 – ca.2100, etter opninga frå august har vi samla mellom 50 - 80 medlemer og dette er noko me i styret sete stor pris på. Dette viser også at det er behov for desse samlingane, der all informasjon til medlemene blir gitt, det vere seg møter, tilstellingar, turar og andre sosiale tiltak.
På januarmøtet var det foredrag av Oddbjørn Kvålsvold. Han fortalte frå barndom og når han reiste til Hardanger som 15 åring. Videre om industrihistoria og videre arbeid på Stord
På februarmøtet var det et kort møte etter årsmøte.
På mars møtet orienterte Karl om arbeide med jubileumshefte
På april møtet blei det song og musikk ved T. Stautland og gjengen

På mai møtet var det innlegg om hjerneslag og hjernebløding ved lege i indremedisin Siren Robberstad. Det var et interessant foredrag om forskjell på hjerneslag og hjernebløding og forklarte kvifor det var så viktig å komme fort til behandling. (Dette bør skje innan 4,5 timer.)
Etter var innlegg om akutt medisin og førstehjelp for eldre ved John Egil Davidsen, Dette var også et interessant foredrag om hjarteinfarkt og kor viktig det er å starte Hjartekompresjons mens ein venter på hjelp.

På august møtet var det foredrag av Leif Erik Larsen frå HLF avd. Sunnhordland. Han fortalte om Hørselshemmedes landsforbund avd. Sunnhordland som har 340 medlemmer. Tema var korleis få høyreapparat og vedlikehald av det, det var et interessant tema som vedgår mange av våre medlemmer.
På oktober møtet blei det song og musikk ved Kjell Aasheim og gjengen.

Det aller viktigaste er nok den sosiale delen av møta, LHL Stord har lagt stor vekt på dette og derfor blir det også alltid god tid til kaffikos og prat på møta.
I år som i fjor har me hatt fast ein Quiz konkurranse og dette har vore positivt der alle har deltatt med stor innleving. Loddsal «årasal» her viser medlemmene eit stort engasjement med kjøp av årer og med brakt gevinstar, og dette er med på og gir laget overskot til å dekke utgiftene på medlemsmøta, ein flott innsats av medlemmene våre som går på møta.

**I år var det LHL Etne Vindafjord** som arrangerte Sunnhordlandstreffet på Skakkesenteret i Etne den, 4.10.24 kl.1700 – ca.2200.
Det var ein forventningsfull gjeng som gjekk om bord i bussen til Stord Turbuss v/sjåfør Haugland i 15 tiden som køyrde oss til Etne, der vi ble tatt godt imot av formann Magne Presttun og resten av styret , inne i salen var dei andre komet, 13 frå Kvinnherad, 14 frå Etne, og 50 frå Stord , + KM karane og sjåfør totalt 87stk.
Det var underhaldning av den lokale musikaren Jimmy Nes og deretter presenterte ordførar Ole Johan Vierdal ,Vindafjord kommune.
Etterpå blei det servert ein kjempegod middag med dessert (sosekjøtt og karamellpudding), så var det song av KM karane, som er kjempeflinke. Deretter blei ordet fritt og der var det helsingar frå både Kvinnherad og Stord. Formann M. Presttun orientert om LHL Etne Vindafjord, samt nokon gode historier for å få brukt lattermusklane.
Så kom det masse flotte gode kaker og kaffi på bordet og det blei sal av årer og trekking av mange fine gevinstar som gjekk både til Stord, Etne og Kvinnherad ein god sprenging, slik at alle vart fornøgde.
Som avslutning song KM karane 2 sangar, og når me reiste heim, var alle einige om at dette hadde vært ein kjekk kveld i Etne nok en gang.

**På blåtur med LHL Stord, 09. – 11. september 2024**
Avreise frå Vabakken måndag 7. september, med 46 påmelde der 41 forventningsfulle som ikkje visste kor turen ville ende.
Så kvar gang bussen kom til punkt kor det ble et vegval steig spenningen. Vi tok farvel med Stord med ferjeavgang på Skjersholmane og første stopp på vegen var i Rosendal kor vi tok en frukt pause. Da det regnet kraftig denne dagen kjente reiseselskapet til ein plassen kor vi kom under tak.
Bussen tok oss videre innover fjorden og mange lurte da det blei ferje frå Årsnes over til Gjermundshamn. Så gjekk bussen gjennom Norheimsund og retning mot Bergen, men den stoppet ved Steinsdalsfossen for dei som ville ta bilde eller gå under fossen. Og med det regnvêret som hadde vert dagen før var det et flott syn.
Bussen vendte retning mot fjorden igjen og vi fekk et stopp på Hardanger Hotel i Øystese, kor vi åt lunsj.
Turen fortsette innover fjorden over Fyksesund brua, og vi fekk oppleve spennande køyring på smal veg med pågåande sikringsarbeid. Med sjøen på eine sida og usikkert fjell på andre var det godt å snart sjå Granvin der vi igjen lurte på vegvalet.
Det ble ikkje mot Voss, men gjennom tunnelen med retning mot brua eller videre inn fjorden. Bussen avslutta køyringa denne dagen i Ulvik, kor vi budde i 2 dagar på Brakanes Hotel. Etter middagen samla vi oss i en salongen og avslutta dagen i hyggeleg samvær.
Etter frukost tysdag morgon køyrte bussen til Hauge senteret kor vi i 2 grupper fekk god informasjon og film om Olav H. Hauge sin livshistorie og poetiske verk.
Med god hjelp av Kjell Vestrheim, født i Ulvik tok bussen oss på smale veier opp i dalen til Lekve Gard kor vi fekk info om siderproduksjonen og smake på deira produkt.
Her ble vi også servert lunsj. Været denne formiddagen var nydeleg og vi fekk et godt utsyn over den vakre bygda.
Turen gjekk ned i bygda  og videre til Hjeltnes Gartneri på Viknes, vi fekk god informasjon av eigaren om produksjon av vår og sommarblomster.
Tilbake på hotellet var det litt egen tid før vi samla oss til middag, og denne kvelden ble avslutta i hyggeleg samvær.
Onsdag morgon vakna vi til stor trafikk i fjorden, kor et cruiseskip hadde ankra opp og overførte sine gjester til nye opplevingar.
Sjølv åt vi en god frukost før vi sjekka ut av hotellet for å starte på turen heimover.
Med Kjell som guide tok bussen oss opp vegen som går opp dalen og over fjellet, og vi fekk både informasjon og gode historier. Regnet hadde starta igjen og temperatur og melding om snø i fjellet gir beskjed om at hausten og vinteren nærmar seg.
I retning Voss tok vi turen opp i Bavallen kor vi skulle besøke Mølstertunet.

Her tok vi en ny frukt pause før vi gjekk inn og fekk god informasjon om tunet som ble freda av Riksantikvaren i 1923.
Turen gjekk så videre gjennom Voss til Dale kor me hadde middag på Dalegarden Outlet Og Kafé. Etter middag tok vi strake vegen i retning Bergen via Åsane kor guide og sjåfør kjente til en god parkeringsplass for siste frukt pause.
Bussen gjekk videre over Bryggen, sentrum til Bergen Busstasjon, hvor vår guide Ingrid som er bosatt på Askøy, tok farvel med oss.
Bussen tok oss videre til Halhjem, Sandvikvåg, med stopp på Agdestein, Vikjo og Vabakken.
En stor takk til Kiwi og Spar butikkane som sponsa LHL Stord med frukt til turen.
Vi takker også Risdal Touring med sjåfør  Rune Stave og guide Ingrid Telle for en flott og informativ tur med trygg og behageleg køyring.
For meir detaljert referat frå turen vise vi til innlegg i bladet Sunnhordland den 24.09.2024.

Referent
Sigmund Borkner

**Så litt om trimmen og turane**
Dette er tiltak som **<u>mange</u>** fleire burde deltatt  på.
Kvar torsdag kl.1800  er det trim i bassenget i Rehab.senteret, ledet av Olav Andreassen og så har vi diverse turgrupper, annan kvar onsdag kl.1000 går vi i lag med pensjonisten i Stord pensjonist turlag og annenkvar onsdag kl.1100 motsatt av pensjonist gruppa går LHLs' «Damer på tur», ledet av Bodil Særstein. Kvar torsdag kl. 0900 går vi på tur i lag med «Gutta på tur Stord.» (ny turleder hver uke). Turgruppa som vi kallar for Meistringsgruppa for Kols og hjartesjuke går tur kvar tysdag kl.1100, ledet av Karl og Hulda Spissøy . Alle turgruppene har frammøte på Vabakken.
All informasjon om lagets aktivitetar vil komme i den nye aktivitetskalenderen til LHL Stord  først i 2025.

I forbindelse med dei ovannemnde aktivitetane har laget behov for nye leiarar til både vasstrim og annan fysisk aktivitet, arranger LHL kurs i vasstrim og i fysisk aktivitet på ulike plasser i løpet av 2025/2026.
Dersom det er nokon av våre medlemmer som kan tenkja seg å gå på eit av kursa og bidra med å bli instruktør hadde dette vore svært positivt,
påmelding til.: Sverre T. Vinje, tlf. 92440115.

**Fredag den 15. november kl.1900 arrangerast det jubileumsfest/ julebord**
Festen arrangerast på Stord Hotell, med ein pris på kr. 625,- pr stk.,
det er påmeld 11gjester, 75 medlemmer og 4 spelemenn totalt 89 personar.

Det blir jule - middag (pinnekjøtt, ribbe, pølser) med tilbehøyr, kaffi og kaker musikk og underhaldning av Olav Fjell og gjengen.
Styret ønsker alle vel møtt til dett arrangementet.

**No er det seg snart nytt år og årsmøte** der laget skal velje nye tillitsmenn til styret og dette er ein kamp kvart år for valkomitéen og komme i kontakt med medlemmer som kan tenke seg å gjera ein innsats, men som aldri blir førespurte av ulike grunner. Valkomitéen kjenner ikkje alle, men det er kanskje personar som ikkje går på møter, ikkje deltar på turar/trim ol. dette av ulike grunner kanskje dei går i arbeid enno? Men dei treng ikkje væra med på nokon aktivitet for å være ein god kandidat til eit styreverv, dersom det er nokon av dykk medlemmer som ønskjer å gjera ein innsats for laget, ta kontakt med nokre i valkomitéen.
**Styret ynskjer å oppfordre fleire av våre medlemmer** til å støtte LHL Stord med Grasrotandel når ein leverer tipping, lotto ,og liknande. Pr.d.d. er det 69 av (ca.560) medlemmene som støttar oss og dette er me veldig glade for, det er berre å oppgjev org.nr. når ein leverer inn kupongane. **LHL sitt org.nr. = 998474760**, me håpar på at mange fleire av medlemmer vil støtta oss i tida som kjem, for dette er kjærkomne pengar til lokal laget. På forhånd takk.

**Minnegåver TIL LHL STORD**.
Minnegåver er en viktig inntektskjelde til LHL Stord, og ved å kanalisere gåvene til LHL Stord går støtta til det lokale arbeidet som laget driv for medlemmene lokalt.
LHL Stord har konto nr. 3520.56.22134. Denne kontoen må nyttas for at laget skal mota og nyte godt av minnegåvene.

**NB!**
Angåande skrapelodd som LHL sentralt sender ut til medlemmer som ikkje har reservert seg ,ikkje kast dei, legg dei i den returkonvolutten som ligg inni og kryss av for at de ikkje ønsker slike lodd og send konvolutten i retur, for dersom de berre kastar dei så får de rekning og må betale for dei.

**Me kan sjå tilbake på eit godt arbeidsår** i "laget vårt" både styret og komiteane har gjort ein god jobb for laget.
Arbeidsgruppa har som i fjor laga mange og fine ting i strikking, hekling og søm som skal gå til utlodding
på haustlotteriet og i tillegg andre gevinstar og gåvekort som blir trykket 20.nov. i år.

Då vil styret ønske alle medlemmer og pårørande  GOD JUL og GODT NYTTÅR !!!!

For styret.
Sverre T. Vinje  (Leiar.)
Inger Marie Lothe (Sekretær)











